



**Notat**

Dato: 29.08.2018  
Arkivsak: 2014/21474-92  
Saksbehandlar: eliwarr

---

Til: Snorre Waage

---

**Mindre endring i kommunedelplan for strandsona planID 1253 2014 007 - Osterøy kommune - kulturminnegagleg innspel**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Saka gjeld mindre endring av føresegner for føremål grønt struktur, park, friområde og friluftsområde i sjø og vassdrag. Intensjonen i planen er at det i områder avsett til desse føremål kunne etablerast ulike tiltak på vilkår om at tiltaka hadde som målsetting å leggja til rette for ålmenta sin bruk av områda. Ved ein feil vart byggjegrensa i desse områda ikkje sett langs føremålsgrensa i desse føremåla sjølv om det i føreseggnene vart opna for tiltak.

Potensial for funn av hittil ikkje kjent automatisk freda kulturminne er ikkje vurdert for desse føremåla. Det er heller ikkje lagt fram plankrav i områda. Vår erfaring er at tiltak lagt til føremål grønt struktur, park, friområde og friluftsområde i sjø og vassdrag kan komme i konflikt med kulturminnelova. Vi ber om at følgjande føresegns tas med i nemnde føremål:

*Alle tiltak i området må sendast til Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatorene for å vurdere om tiltak er i konflikt med kulturminnelova.*

Vi ber om at vårt føresegns tas med under føremål: Grønt struktur, park, friområde og friluftsområde i sjø og vassdrag. Dersom kommunen vel ikkje å ta med ovanfor nemnde føresegns, må vi fremje motsegn til endring av plan. Dette må handsamst politisk og vi ber om snarleg tilbakemelding.